

## Vil du saume Fjellgardsstakk?

Har du lyst til å saume din eigen  
Fjellgardsstakk  
med Annbjørg Lindskog  
frå Haukeli?



Ho har kunnskapen frå kurs på Raulands Akademiet og lang røynsle. Kurset startar med 75 t, men kan forlengast.

Fyrste samling vert torsdag 28. august på Hovden grendehus for å bestemme motiv, så må det sendast for påteikning. Oppstart vert ikkje før i slutten av september. Kursdag onsdag.

Lærer skaffar stoff. Du må ha din eigen symaskin og kunne bruke den. Bindande påmelding til Liv tlf. 95241565 innan 20. august. (medlemer har fyrsteretten) Kr 40/ t for medlem -Kr 70 / t for ikkjemedlem.

*Helsing Fjellgardane Husflidslag*

## Utvida jakttid i Bykle kommune

Miljødirektoratet har vedteke forskrift om utvida jakttid for enkelte kommunar, mellom andre Bykle. For hjort er jakttida frå og med 15. august-23. desember og 1.-31. januar. For elg er jakttida 15. august-23. desember. Den utvida jakttida gjeld fram til og med jaktåret 2027/2028.

## Passbilen til Setesdal i november



**Til hausten er det klart for ein ny runde med passbilen til Setesdal. Alt no kan ein tinge time.**

Passbilen kjem til politikontoret i Valle 10. november klokka 12.30-15.15 og 11. november klokka 08.15-15.00. Bilen flyttar seg så til Evje med tid 12. november klokka 08-15.30 og 13. november klokka 08.00-15.30.

Time må tingast på [www.politiet.no](http://www.politiet.no)

– Viss ein treng hjelp til å bestille er det bare å ringe Valle og Bykle politistasjon på tlf 38136850 eller kome innom. Ein må ha med mobiltelefonen sin, for det kjem ein kode inn på det som ein treng i samband med bestillinga, seier politioverbetjent i Valle og Bykle, Dag Hovden. Han legg til at det no elles også er god kapasitet på passkontoret i Kristiansand, også på ettermiddag/kveld måndag-torsdag og dagtid på laurdagar.

### BISPEVEGMARSJEN 2025



Laurdag 2. august er det klart for årets finaste tur over heia frå Fyresdal til Valle. Turen er i underkant av 30 km og går i flott heioområde med variasjonar frå frodige skogsier og myrområde til høgjelsterrang i 1100-meters høgde. Ha med niste og drikkje då det ikkje er matstasjon undervegs.

Ein må vere i såpass fysisk form at ein klarar å gjennomføre turen innan kl. 18.00.

Enkelt matsal i mål.

**TREKKPREMIAR** blant dei som går.

Starten går ved Næs far Ølysædammen i Fyresdal og avsluttast ved Valle stadion.

Avreise med buss frå Valle skule kl 06:30. Start ved Næs, Ølysæ kl. 08:30. Buss tilbake til Fyresdal (når alle er i mål).

**Pris:**  
Vaksne: kr. 300,-  
Barn t.o.m 16 år: kr. 200,-

**Startkontingent:**  
Vaksne: kr. 150,-  
Barn t.o.m. 16 år: kr. 100,-

Valle IL sender betalingskrav til påmeldte i etterkant.

Påmelding her: <https://forms.office.com/e/4H7pRWBYQu> innan 28. juli pga busstransport.

Eller QR-kode



Arrangør: Fyresdal IL og Valle IL

VELKOMEN TIL EIN FLOTT TUR OVER FJELLET



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad



**For gudstenester og arrangement sjå:**

[www.valle.kyrkja.no](http://www.valle.kyrkja.no) / [www.bykle.kyrkja.no](http://www.bykle.kyrkja.no)



# Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

August 2025 36. ÅRGANG



## Innholdsrikt på Bykledagen i år!



Damsleppet i Sarvsdammen som del av Bykledagen er alltid eit populært innslag

**Eit innholdsrikt program ventar for Bykledagen 6. september.**

Dagen tar til klokka 10 med dammslepp i Sarvsdammen. Oтра kraft DA byr på grillpølser og drikkje, og det er samstundes ooen brannstasjon. Kanskje kjem Bjørnis?

### Folkemusikk og marknad

Frå klokka 11 er det full rulle i Lislestog med folkemusikk, handelsboder, kafé i regi av Bykle Husflidslag, det blir visning av brurestakk, skattejakt, historieforteljing og utstilling.

### Songbird

Klokka 15 er det gratiskonsert med Songbird i Bykle kyrkje. Det er parkering ved Bykle industriområde for dei som vil ned til Sarvsdammen, og ved Bykle kyrkje for besøk i Lislestog. Bykle Næringslag i samarbeid med kommunen og andre aktørar har sydd saman eit program der det bør vere mykje av interesse for store og små. Så er det å håpe på fint ver, så Bykledagen blir akkurat den bygdefesten alle håpar på!

## 50% av flyktningane er i jobb!

I ei fersk undersøking frå NAV Midt-Agder kjem det fram at 50% av alle flyktningar i Bykle kommune har fått seg arbeid utanom introduksjonsprogrammet. Det er langt over både lands- og fylkessnittet. I Noreg per mai 2025 er snittet av flyktningar som har fått seg ordinært arbeid 44% av alle flyktningar. I Agder er same snittet 38%. Bykle kommune skårar altså godt over dette, med halvparten av alle flyktningar i arbeidssalder i ordinær jobb.

### «Vi over 60» Skafsåheii Fjellkyrkje

Onsdag 3. september kl. 12  
Velkomen til eit hyggeleg treff i Fjellkyrkja, der vi får besøk av Per og Monika de Lange, som har besøkt oss tidlegare. Det er eit par som er svært allsidige i repertoaret. Dei syng alt frå salmar til kristne songar og kjente folkesongar, og alltid med eit smittande humør. Det vert litt underhaldning, og sjølvstekt lapskaus med kaffi og kaker. Det kostar kr. 225,-  
Det vert også høve til å gje ei gåve til drift av Fjellkyrkja. Påmelding innan onsdag 27. august til Olav Haugo, tlf. 41191974, Tahar Haddad tlf. 95106156 eller Gunstein Seltveit tlf. 90170465



*Arr. Pensjonistlaga i Byrte/Mo og Dalen og Fjellkyrkjelaget*



**språkkafé**

Språkkafé er ein møteplass mellom tilflyttarar og lokalbefolkninga. Her får du høve til å møte nye menneske, delta i ulike aktivitetar, øve på norsk i trygge omgjevnader – og bli kjent med både folk og staden. Til hausten blir det to engelske språkkaféar. Same konsept, berre på engelsk! Du kan både øve på di eiga engelsk og hjelpe andre å lære.

Har du spørsmål eller lyst til å vere med?

Ta kontakt med:

stine.rambekk.gulowsen@bykle.kommune.no eller tlf 917 87 411. Vi treng frivillige som vil skravle - både på norsk og engelsk.

**Datoer for språkkafe hausten 2025:**

14 august: Hovden grendehus  
28 august: Bykle samfunnshus  
11 september: Hovden grendehus  
18 september: Hovden grendehus. *ENGELSK*  
25 september: Bykle samfunnshus  
9 oktober: Hovden grendehus  
23 oktober: Bykle samfunnshus  
6 november: Hovden grendehus  
13 november: Hovden grendehus. *ENGELSK*  
20 november: Bykle samfunnshus  
4 desember: Hovden grendehus  
Dato for juleavslutninga kjem seinare.



[www.bykle.kommune.no](http://www.bykle.kommune.no)

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: [byklaren@bykle.kommune.no](mailto:byklaren@bykle.kommune.no) Frist er 20. kvar månad.

Politiske møter og saksdokument  
finn de på heimesida eller følg QR'en



## Snart nytt kulturskuleår

Kulturskulen i Bykle startar snart opp igjen for hausten. For dei som vil ha informasjon om tilbodet og kanskje melde seg på, sjå [bykle.kommune.no](http://bykle.kommune.no)

## Samdrift ved legekantora i sommar

Det er samdrift i legekantora i Bykle og Valle i sommar. Til og med veke 32, fredag 8. august—er det til legekantoret i Bykle pasientar med time må møte opp.

## Kulturkafé

### Kulturkafé hausten 2025:

17. September

22. Oktober

19. November

Med atterhald om endringar



Kinodatoar hausten 2025 (med atterhald om endringar)

### Hovden Grendehus:

1. September

29. September

24. november

6. desember

### Bykle samfunnshus:

15. September

11. oktober

27. oktober

10. november

## Aktiv på dagtid i Bykle

Er du heime på dagtid, eller treng ein pause i arbeidstida og ønskjer å vere med på ein aktivitet saman med andre?

Aktiv på dagtid» består av tre ulike aktivitetar som passar for deg som vil vere med på noko triveleg, enten du har ledig tid på dagtid eller ønskjer å ta ein pause i arbeidstida. Alle er hjarteleg velkomne, uavhengig av fysisk form.



| UKEDAG  | AKTIVITET | KLOKKESLETT | MØTESTAD                   | KONTAKTPERSON                         |
|---------|-----------|-------------|----------------------------|---------------------------------------|
| MANDAG  |           |             |                            |                                       |
| TYSDAG  | Yoga      | 10:00-11:00 | Dansesal, Hovden grendehus | Line Steine, tlf: 917 01 414          |
| ONSDAG  | Turgruppe | 11:00-12:30 | Hovden grendehus           | Susanne Bergstø, tlf: 921 17 233      |
| TORSdag | Trimtreff | 11:00-12:00 | Bykle samfunnshus          | Bjerg Sissel Tveiten, tlf: 901 40 467 |
|         |           |             |                            | Aud Skagestad, tlf: 900 70 995        |

### FREDAG

| Hovden grendehus og bibliotek                                        | Bykle samfunnshus og bibliotek      |
|----------------------------------------------------------------------|-------------------------------------|
| tlf. 902 16 856                                                      | tlf. 902 16 856                     |
| Måndag-Torsdag kl 8-21                                               | Måndag kl 10-16.30                  |
| Fredag kl 8-16                                                       | Torsdag kl 10-16.30                 |
| Fyrste opningsdag er måndag 4.8                                      | Fyrste opningsdag er måndag 18.8    |
| Me er på Spond! Kode: IFZBR                                          | Meiropent bibliotek alle dagar 7-23 |
| <a href="mailto:kultur@bykle.kommune.no">kultur@bykle.kommune.no</a> |                                     |

## Har kartlagt i Bykle

Lars August Osmundsen og Pauline Buverud Haugen er begge masterstudentar —



i sommar har dei hatt feltarbeid i Bykle. Dei har kartlagt og dokumentert ulike delområde til arbeidet med ny arealdel av kommuneplanen. Kartlegginga dei har gjennomført blir med vidare i det omfattande arbeidet med arealdelen.

### Kultur i natur

"Askeladden og de gode hjelperne"  
Hegni - 21.august 16:30

Folkeakademiet i Bykle ynskjer alle velkomne til eit familiearrangement på Hegni med varm mat og teater frå Askeladden Friteater.

Arrangementet er gratis for alle.  
16:30 - Matservering  
18:00 - Forestillingen startar.

Transport frå Bykle Samfunnshus kl. 16:00

## Tømekalender

Restavfall: 6.8, 20.8

Matavfall: 6.8, 20.8

Papir, glass/metall, plast: 6.8

## Tykkås gjenvinningsstasjon har ope:

Tysdagar klokka 11-13 (næringsdrivande)

Torsdagar klokka 12.30-18.30 (private og næringsdrivande)

Fredagar klokka 10-13 (private)

Første laurdag i månaden klokka 09-13 (private)



Bykle kommune  
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle  
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00  
E: [postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no)



# VAL

## I haust er det Stortingsval og Sametingsval

Valdagen er 8.september — Førhandsrøystinga startar 11. august

## Førhandsrøysting

Førhandsrøystinga er på Bykle rådhus, kvardagar frå måndag 11. august til og med fredag 5. september klokka 09:00-14:00. Torsdag 21. august og 4. september vert det utvida til kl 18:30.

**Laurdag 23.8** vert det førhandsrøysting på Hovden grendehus frå kl 15:00-18:00.

**Laurdag 30.8** vert det førhandsrøysting på Bykle rådhus frå kl 15:00-18:00

(Førhandsrøystinga på Bykle alders-og sjukeheim vert onsdag 27.8 frå kl 13:00)



Du kan førhandsrøyste i kva som helst kommune, men på valdagen får du berre røyste i kommunen du har røysterett i. Så hyttebyklarar og turistar kan òg nytte seg av førhandsrøysting i Bykle, og studentar med røysterett i Bykle treng heller ikkje reise heim for å røyste, men kan førhandsrøyste der dei studerar.

Til Sametingsvalet er det i Bykle berre mogleg å førhandsrøyste

**På valdagen 8. september kan man røyste på  
Hovden grendehus og Bykle rådhus frå kl 08:00 til kl 18:00**

## Ta med legitimasjon!

Legitimasjon er eit krav og fleire av valfunksjonærane er nye i Bykle og veit ikkje kven du er.



## Røysting heime ved sjukdom eller uførleik

Om du på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan kome til eit vallokale kan du søkje om å få røyste heime eller der du er.

Du kan be om ambulerande røysting frå 11. august til 4. september kl 12:00.

For å be om ambulerande røysting (røyste heime) ring 37 93 85 00 på kvardagar mellom kl 0900 og 1400. Vi ber ikkje om argumentasjon eller legeerklæring. Om du sjølv vurderer at du ikkje kan kome til vallokale på grunn av sjukdom eller uførleik, så held det.

## Manntalet

Om du er usikker på om du står i valmanntalet til Bykle kommune så kan du sjekke dette i utleggingsmanntala på Hovden grendehus, Bykle rådhus, Coop Prix og Extra Hovden. Eller du kan ringe kommunen å spørje.